

Program for Stad Venstre 2024 - 2027

Vedteke på medlemsmøte 21. juni 2023,

Nordfjordeid

**For eit grønt,
levande
Stad.**



VENSTRE

Innledning

Venstre er eit parti som tar klima- og naturkrisa på alvor lokalt, nasjonalt og globalt. Vi vil gje fridom til den enkelte, samstundes som vi skal ta vare på fellesskapet og dei som trenger hjelp. Vi trur på skaparkraft, frivillig innsats, samarbeid og lokalt sjølvstyre for å skape eit godt samfunn.

Venstre har hatt ordføraren dei siste 12 åra. I denne perioden har kommunen hatt ei solid utvikling, prega av godt samarbeidsklima og stor gjennomføringskraft. Kvaliteten i skulen og helsetenesta ligg på eit høgt nivå, og kulturlivet blomstrar. Næringslivet er mangfaldig og går godt, sjølv om dagens regjering har gjort kvardagen vanskelegare for mange. Med folketalsvekst, eit kommunerekneskap i pluss og mange spennande satsingar i gong, har vi eit godt utgangspunkt for å ta Stad vidare framover.

I møte med tøffare økonomiske tider overalt, er det naudsynt å nytte dei ressursane vi rår over enda betre. Ikkje minst å sjå moglegheitene for å skape større verdiar i kommunen, av det offentlege, dei private og frivilligheita. For å styrke kommuneøkonomien vil vi jobbe for auke i folketalet, eit framtidretta næringsliv og ein veldreven kommune.

Stad skal vere ein grøn, næringsvennleg og serviceinnstilt kommune, med høg kvalitet på tenestene. Vi vil halde fram med å byggje eit sterkt kommunesenter på Nordfjordeid, med levande lokalsenter og bygder rundt i heile kommunen.

Ambisjonen til Venstre er å ha flest mogleg fornøgde innbyggjarar. Då trur vi fleire vil bli verande og fleire vil flytte til, og dei får lyst til å vere med å skape dei tilboda vi ønskjer og treng. Venstre søkjer dei gode, fleksible, heilskaplege løysingane, som prioriterar omsynet til klima, natur og miljø.

Stad Venstre sine 37 kandidatar på lista til kommunevalet 2023 er klare til å gjere ein innsats for heile kommunen. I Stad skal du få omsorg når du treng det, ha ein trygg plass å vekse opp, og vi skal legge til rette for nyskaping og eit variert arbeidsliv.

Vi skal framover saman.

Røyst Venstre ved kommunestyrevalet i Stad 2023!

Klima, natur og miljø

Stad kommune skal ha høge ambisjonar for klima, natur, og miljø, og ta sitt forvaltaransvar på alvor. Vi ønskjer ressursar og effektive tiltak som stettar måla verdssamfunnet har sett for å stanse klimaendringane og tap av naturmangfald. Stad skal jobbe for å omstille seg til eit nullutsleppsamfunn på alle samfunnsområde, innan 2030.

Stad Venstre vil:

- Halde fram med det årlege klimarekneskapet for kommunen, og prioritere klimavennlege tiltak som gjer måloppnåing mogleg
- Sikre god kapasitet og rett mengde ladestasjonar for elbil i heile kommunen, som til dømes ved skulane og i sentrum, der folk ferdast
- Legge til rette for miljøvennlege sanitæranlegg og betre ordningar for avfall på turistmåla i Stad kommune, i samarbeid med næringslivet
- Sikre at kommunen i eigne innkjøp og i samarbeid med næringslivet, skal jobbe for at minst 20% av tungtransporten skal gå på fornybart drivstoff på kort sikt, og at all tungtransport og anleggsdrift skal
- kunne gå på fornybart drivstoff innan 2030
- Lage ein strategi som legg til rette for at Stad kommune kan velje gjenbruk framfor nytt, der det gir eit betre miljøavtrykk enn å kjøpe nytt
- Støtte opp om låne- og delingsordningar for handverksmaskiner, turutstyr og liknande etter modell frå BUA-ordninga
- Leggje til rette for auka lokal produksjon og distribusjon av mat, mellom anna ved å støtte opp under tiltak som REKO-ring og andre lokale matdistribusjonsordningar
- At klimagevinsten i rehabilitering og tilbygg alltid skal vurderast opp mot riving i kommunale egedomsprosjekt

- Stanse nedbygging av natur og myr, og reetablere meir natur
- Kartleggje natur i kommunen og innføre naturbudsjett, og stille krav om arealrekneskap ved nye prosjekt.
- Seie nei til nedbygging av verdifull matjord hvis det ikkje samtidig blir stilt krav til utbyggar om etablering av erstatningsareal av minst like god kvalitet
- Avgrense dei negative effektane hytteutbygging har på naturen
- Leggje til rette for meir vern av naturområde, mellom anna lokale markagrenser, fjellgrenser og statleg sikra naturområde
- Styrke dei regionale planane for å sørgje for heilskapleg arealplanlegging på tvers av kommunegrenser.
- Ha felles forvaltningsplan for næringsverksemd i fjella og fjordane våre, i lag med kommunane i Nordfjord. Målet er å samarbeide om at utviklinga skjer innanfor naturen sine tolegrensar, og halde arealkonflikter på lågast mogelege nivå.
- Gjere det enkelt å gjenbruke areal som allereie er nedbygd, til dømes grunnmurar, gamle hus og driftsbyggingar.
- Stille krav om utsleppsfrie byggje- og anleggsplassar der kommunen sjølv er byggherre, og opne for at kommunane kan krevje dette i private utbyggingar òg
- At kommunale nybygg skal byggast i materiale med lågast mogleg miljøbelastning gjennom heile brukstida
- Følgje høge standardar for energibruk i bygg, miljøvenlege byggemateriale og eigenproduksjon av energi, og nytte offentlege støtteordningar som Enova, Klimasats og andre midlar for å lukkast
- Jobbe for at energi til drift av kommunale bygg skal vere basert på



fornybare og helst lokale kjelder, som til dømes fjordvarme, sol- eller bioenergi

- Stille krav om energiproduksjon og vegetasjon på tak og fasadar i nye større bygg, og på sikt eksisterande bygg, for å bidra til klimatilpassing og auka biologisk mangfald
- At kommunale bygg skal vere klimanøytrale innan 2030, og produsere minst 50% av eige energibehov sjølv. Restbehov skal vere opphavsgarantert fornybar energi
- Vere positive til private som ønskjer å produsere fornybar energi til eigen bustad, og som vil levere eventuell overskotsstrøm til nettet
- At alle kommunale tenestebilar skal vere utsleppsfrie i løpet av fireårsperioden

- Kommunen må sette eit maks antall cruiseanløp per sesong, og ha moglegheit til å halde dagar fri for cruisetrafikk
- Ha like strenge miljøkrav til cruisenæringa for heile Vestlandet som i verdsarvfjordane, og halde fram med å få på plass landstraum for cruiseskip på Nordfjordeid
- Satse på berekraftig reiseliv, med infrastruktur tilpassa trafikk, god kommunikasjon med innbyggjarane og turistskatt
- Si klart nei til helikopterflyging av turistar, av omsyn til dyr, mennesker og klima.
- Gjere det enkelt å etablere små og alternative utleiehytter (til dømes "treetopphytter"), og legge til rette for campingplassar og bubilparkering fleire stader, for å unngå villcamping/parkering
- Sikre allmen tilgang til strandsona
- Halde eit høgt nivå på samfunnsberedskapen og på planar som har med naturkatastrofer, store ulykker, terror og krigsliknande situasjonar å gjere. Det må øvast med nøkkelpersonar og på tvers av samfunnssektorane
- Jobbe for at våre sikringstiltak kjem høgt på prioriteringslista til NVE.
- Ha ein skjøtselsplan for skog som kan fungere som vern mot flaum, ras, skred og overvatn for bygningar og infrastruktur
- Ha ein tiltaksplan for å tilpasse kommunale vegar, infrastruktur, bygg og gards/ skogsvegar til klimaendringar og tøffare vær
- Ha ein tiltaks- og vedlikehaldsplan for å førebygge overvatn, tette avlaup, samt flaumutsette bekkar og vassdrag
- At kommunen har ein strategi og tiltak for at folk trygt kan gå og sykle mest mogleg i kvardagen
- Redusere lysforureining



Nyskaping og grøn vekst

Kommunar som vil lukkast med vekst og utvikling må vere samhandlande, ambisiøse og gode tilretteleggjarar. Venstre vil at Stad kommune skal vere heilt i landstoppen innanfor grøn næringsutvikling og stadutvikling. Innanfor rammene av klima, miljø og natur vil Stad Venstre legge til rette for vekst i næringslivet i Stad kommune. Vi satsar på næringsutvikling, gründerar, og meir samarbeid mellom kommune, skule og næringsliv.

Stad Venstre vil:

- Prioritere arbeidet med å ha ein oppdatert arealdel til kommuneplanen for å sikre areal for bustad, næring, fritid, tenesteyting og transport. Setje rekruttering av folk og sikre tilgang til rett kompetanse høgt på dagsorden i Stad kommune - i nært samarbeid med næringslivet gjennom Stad Vekst og andre aktuelle aktørar
- Vere imøtekommande og legge tilrette for private aktørar som vil utvikle eigedomar til faste bustader
- Søke løysingar som får tomme småbruk og hus ut på marknaden
- Klargjere fleire nye næringsareal og næringsbygg for bedriftsetableringar på sjø og land
- Gjere det enklare å starte og driva eiga bedrift, legge til rette for fjernarbeidsplassar og gründerverksemd
- Ha forsvarleg og rask sakshandsaming i saker som er viktige for innbyggjarane, gründerar og næringsliv
- Seie nei til auke i eigedomsskatten for private bustader, og ha som mål å redusere den når kommuneøkonomien tillet det
- At kommunen skal vere ein ambisiøs ja-kommune som er pådrivar for å tenke nytt og framtidretta. Stad kommune skal vere ein aktiv medspelar med dei som ønsker utvikling, og i møte med innbyggjarar, verksemdar og organisasjonar
- Arbeide for etablering av minst 100 nye statlege arbeidsplassar i Stad kommune innan 2027, mellom anna ved gjennomføring av arbeidet med Statens Hus på Nordfjordeid.
- Gjere Stad til føregangskommune på energi, klima og grønt næringsliv
- Samarbeide med landbruksnæringa om å utvikle landbruket som grøn vekstnæring
- Samarbeide med fiskeri- og havbruksnæringa for å bygge ei sterk samla marin næringsklynge i Nordfjord, og utvikle næringane vidare i grøn retning
- Legge til rette for vekst i reiselivet ved å fronte natur- og kulturopplevingar, og stø opp om nye satsingar
- Ha ei velfungerande «reiselivsklynge» i Stad kommune med utgangspunkt i strategisk plan for berekraftig reiselivsutvikling, med hovudvekt på kvalitet framfor kvantitet
- Tilpasse skjenke- og salgstider på alkohol til nabokommunene, så restauranter og serveringsstader i kommunen får konkurrere på like vilkår
- Gje butikkar på stader med mykje turisttrafikk løyve til å halde ope på heilagdagar
- Gjere Pilegrimssenteret i Selje og Sagastad på Nordfjordeid til eit samanhengande reisemål, der ein kan syne fram andre kulturhistoriske stadar mellom desse to
- Behalde heilagøya Selja mest mogleg urøyrd
- Undersøke moglegheit for å krevje bompengar på turisttrafikk opp til Vestkapp
- Stø opp om satsinga på Fjordane Virtuelle Campus
- Arbeide for fleire desentraliserte fagskule- og høgskuletilbod i Stad kommune

Skule og oppvekst

Stad skal vere ein kommune der det er godt å vekse opp for born og unge. Venstre vil halde fram og styrke satsinga på kvalitet i skulen, og løfte ungdommen sterkare fram. Vi jobbar for ein skule med motiverte lærarar og elevar. Det skal være enkelt for ungdom å delta i aktivitetar og ha kontakt på tvers av bygdene.

Stad Venstre vil:

- Prioritere kvalitet i skulen, mellom anna ved å la lærarane få bruke meir av si arbeidstid til undervisning. Andre arbeidsoppgåver bør utførast av andre yrkesgrupper
- Legge til rette for etter- og vidareutdanning av fleire lærarar
- Evaluere dagens skulestruktur og ha ein brei debatt om løysingar for framtida
- Sikre naudsynt vedlikehald av skulebygg, barnehagar og andre kommunale bygg
- Bygge symjebasseng i Selje
- Ha auka samarbeid mellom skule og næringsliv, mellom anna ved å satse på entreprenørskap gjennom heile skuleløpet
- Legge vekt på at elevane har eit godt skulebibliotek, eller at skulen har nært samarbeid med det lokale biblioteket, for å auke borna si leselyst og auke forståinga for andre informasjonskjelder enn dei digitale platformene
- Støtte opp om skulehagar som lærings- og inkluderingarena, for å styrke oppvekstilbodet til barn og unge etter modell frå Grøn integrering
- Satse på tidleg innsats, både i barnehage og skule, for born som treng ekstra støtte, og sikre nok spesialpedagogiske ressursar



- Legge til rette for auka pedagogisk bruk av naturen og uteområde i barnehage og skule
- Sikre eit breitt barnehagetilbod med rett bemanning
- Ha gode offentlege skular og barnehagar som basis i tenestetilbodet til born og unge. Samtidig er vi positive til supplerende tilbod, både i privat og ideell regi, i samspel med dei offentlege tilboda
- Sikre gode oppvekstvilkår til barn, også i familiar med låg inntekt, til dømes ved gratis kollektivtransport, fritidskort, støttekontaktordning og leksehjelp
- Vere ein god vertskommune for skular, studentar og hybelbuarar
- Legge til rette for gode møteplassar for ungdom, og oppretthalde UKM (Ung Kultur Møtast)
- Styrke ordninga med helsestasjon for ungdom
- Opprette fleire kommunale lærlingeplassar
- Legge til rette for fleire sommarjobbar for ungdom gjennom samarbeid næringsliv/kommune
- Støtte røyserett for 16-åringar og gje Ungdomsrådet auka medverknad, og talerett i kommunestyret
- Krevje betre kollektivtilbud i heile Stad kommune, mellom anna for å legge til rette for at ungdom som bur på hybel kan delta på fritidsaktiviteter på eigen heimstad
- Sikre trygge gang- og sykkelveggar til alle skulane i Stad kommune, til dømes gang- og sykkelveg på Stårheim, manglande sykkelveg mellom Skårhaug og Haugen, og vidare utbygging av sykkelveggar i Selje, Flatraket og Leikanger
- Innføre ein plan for LHBTI-personar på lik line med dei større byane, slik at

også skeive ungdommar og andre kan kjenne seg heime og trygge i distriktet

- Halde på og vidareutvikle ordninga «Heim for ein 50-lapp»

Helse og omsorg

Venstre vil sørge for at Stad kommune klarer å gi god omsorg til dei som treng det - når dei treng det. Vi skal gje rett hjelp til rett tid, og styrke folkehelse og meistring. Det skal vere godt å jobbe innen helse- og omsorgstenesta i kommunen.

Stad Venstre vil:

- Styrke satsinga på heimebasert omsorg og omsorgsbustader. Sikre eit tilstrekkeleg tal langtidsplassar/sjukeheimsplassar
- Nytte velferdsteknologi, innovasjon og nye løysningar for å legge til rette for at fleire kan bu heime lenger, meistre eigen kvardag, og ha større handlefridom
- Stimulere til at fleire eldre kan ta ansvar for eigen busituasjon, og legge til rette for boligar med meir fellesskap
- Samordne og utvikle betre tenester innanfor rus og psykiatri
- Legge til rette for areal til utbygging av tilpassa bustadar
- Oppretthalde eksisterande dagsentertilbod for eldre
- Legge til rette for fleire heiltidsstillingar og ein heiltidskultur i Stad kommune
- Redusere bruken av vikarbyrå i helse- og omsorgssektoren

- Ha fokus på helseførebyggjande arbeid retta mot alle aldrar
- Sikre ein ungdomskontakt og eit godt lågterskeltilbod for ungdom med psykiske plager
- Styrke folkehelsearbeidet - tettare samarbeid med idrettslag, bygdelag og frivillige organisasjonar
- Satse på frisklivsentrarar og frivilligsentrarar med rådgjeving og lågterskel helsestilbod som fysioterapi demenskoordinator, kreftkoordinator og kommunepsykolog
- Samhandle med politiet og styrke kriminalitetsførebyggjande arbeid
- Sikre- og styrke fastlegeordninga
- Styrke Nordfjord sjukehus, Nordfjord Psykatrienter og Nordfjord BUP
- Styrke satsinga på kvinnehelse mellom anna ved å jobbe for eit trygt og godt fødetilbod i kommunen, inkludert barseltilbud
- Styrke følgjetenesta med jordmor til fødande med lang reisevei
- Satse på jordmor som ein forebyggjande ressurs innan psykisk og fysisk helse
- Jobbe for rekruttering av jordmødre, som samfunnskritisk nøkkelpersonell
- Ta godt imot flyktingar, og gje flyktingtenesta gode føresetnader til å gjere ein viktig jobb på vegne av fellesskapet
- Etablere betre landingsplass for ambulanshelikopter på Nordfjordeid

Kultur, idrett og frivilligheit

Stad kommune skal vere ein stad med allsidige, spennande kulturtilbod og fritidsaktivitetar for alle. Stad Venstre vil jobbe for å styrke dei frivillige organisasjonane og få endå fleire aktive innanfor kultur- og organisasjonslivet. Idrett og friluftsliv er viktig for samhald, inkludering, meistring og folkehelse. Vi må også løfte arbeidet med ivaretaking og formidling av kulturminne.

Stad Venstre vil:

- Ha fritidskort som gjev alle born og ungdomar tilbod om minst ein fritidsaktivitet
- Satse vidare på utlånsentralen for fritidsaktivitetar, BUA. Få på plass ei ordning der også næringslivet kan sponse innkjøp av utstyr til utlån
- Samarbeide med lokale krefter og næringsliv om å få til fleirbrukshallar i heile kommunen, for gi born og unge betre anlegg i kvardagen til idretts- og kulturaktivitetar
- Redusere halleiga for idretten, og prisane i kulturskulen





Kabiito Rugumayo Amundsen,
éit av mange nye talent med
tilknytting til Stad kommune.
Takk for at du tok oppdraget!
Vi gleder oss til å følge med
deg framover.

- At Stad kommune skal vere med å legge til rette for leik og uorganisert aktivitet, gjennom utbygging av nærmiljøanlegg som aktivitetsparker, ballbingar, klatrestativ og hinderløyper, i samarbeid med bygdelag og idrettslag
- Få fleire aktive ute i friluft gjennom turstiar, naturmøteplassar og friluftsanlegg
- Jobbe for å gjere kulturarven vår betre kjend.
- Legge til rette for at frivillig sektor får ressursar og støtte i arbeidet med inkludering og førebygging av utanforskap
- Styrke Frivilligsentralane på Nordfjordeid og i Selje for å kunne støtte opp om dei frivillige organisasjonane og betre samspelet mellom frivillig, privat og offentleg sektor
- Starte ei prøveordning med søndagsope bibliotek
- Styrke kulturskuletilbodet og tilbodet innan dans, musikk og visuell kunst
- Jobbe for auka næringsutvikling knytt til kunst og kultur
- Styrke lokalsamfunna og attraktiviteten til Stad kommune gjennom nært samarbeid med Malakoff og andre lokale festivalar og kulturopplevingar
- Sørge for at frivillige lag og organisasjonar – særleg retta mot born og unge, vert ivareteke
- Støtte opp om den viktige frivillige innsatsen ved Harpefossen skisenter
- Avklare lokaliseringa for fotballhall på Nordfjordeid slik at Eid IL kan realisere sine planar
- Jobbe for at Norsk Fjordhestsenter får gode vilkår for til utvikle seg for framtida

Meir samarbeid alle vegar

Venstre vil knytte alle delar av kommunen sterkare saman. Bygdene treng sterke senter og sentra treng levande bygder. Alle vil vinne om vi får ein samla region i Nordfjord, der vi samarbeidar om forvaltning, vekst, utvikling og nye arbeidsplassar.

Stad Venstre vil:

- Utvikle kommunesenteret Nordfjordeid som ein fjordby, gjennom utbygging/fortetting av bygningsmassen på ledige areal i sentrum
- Vidareutvikle og oppgradere sjøfronten på Nordfjordeid
- Gi Bryggja status som lokalsenter i kommuneplanen sin samfunnsdel, som Selje og Leikanger, grunna strategisk geografisk plassering i kommunen.
- Vere positiv til planane om realisering av Stad Molo på Leikanger
- Jobbe for levande, attraktive tettstadar og bygder i heile kommunen, men gode buområde, trygge og samanhengande gang- og sykkelveggar, møtestadar for sosial aktivitet og lokale fritids- og kulturtilbod
- Sikre ledig areal og stimulere til auka budstadbygging over heile kommunen. Vi må styrke og utvikle viktige nærliggande funksjonar som skular og barnehagar, nærbutikkar, helse- og omsorgstenester
- Legge til rette for moderne buformer, minihus og gode bustadmiljø, med høve til treffpunkt og fellesfunksjonar

**Vil du vere med å påverke
lokalpolitikken i kvardagen?
Bli med medlem i Stad Venstre
på: venstre.no/stad**



VENSTRE

- Ha eit «lokalsamfunnsteam» i Stad kommune som gjer det enkelt for bygder og frivillige lag å samarbeide med kommunen - med éin fast kontaktperson i kommunen
- Arbeide for eit samla Nordfjord og at regionen skal ta ein sterkare posisjon i Vestland fylke - mellom anna gjennom fleire fylkeskommunale kompetansearbeidsplasser, styrking av dei vidaregåande skulane og utflytting av oppgåver og funksjoner frå stat og fylke til Nordfjord og til Stad kommune
- Bygge Nordfjordbrua Anda-Lote. Få plangrunnlag og nødvendige vedtak på plass i komande periode
- Ha byggestart for Stad Skipstunnel seinast i 2024
- Betre hurtigbåtsamband mellom Stad kommune og Måløy-Florø-Bergen, med forlenging av rutene til Ålesund når Stad Skipstunnel kjem
- Styrke Eid vidaregåande skule som utdanningssenter, med sterkt samarbeid kommune/ vidaregåande skule, og med dei andre vidaregåande skulane i Nordfjord
- Bygge gang- og sykkelveg langs RV15 frå Ytre Skårhaug til Haugen
- Utbetre trafikktryggleiken i 80 sona på Stårheim for mjuke trafikkantar
- Utvide kollektivtilbodet, som gjer det meir attraktivt og praktisk å nytte tilbodet, til dømes ein timeekspress Måløy - Stryn tilpassa eit felles bu- og arbeidsområde, og skulerute mellom dei ytre delane av kommunen inn mot Nordfjordeid
- Jobbe for offentlig støtte til flybuss til og fra alle avgangar på Sandane lufthamn, slik som i Sogndal og Førde
- Følgje opp utbetring av Fv 620 Årsheimstranda. Utbetre og rassikre Fv 618 som ein viktig pendlarveg i ytre del av kommune

Venstre sin politikk byggjar på ti liberale prinsipp:

1. Fridom

Vårt mål er enkeltmennesket sin fridom. Alle skal ha moglegheit til å ha makten i sitt eiga liv – uavhengig av alder, kjønn, tru, livssyn, livssituasjon og bakgrunn.

2. Ansvar

Alle har ansvar for sine eigne val. Dei av oss som treng hjelp frå samfunnet til å leve eit verdig liv, skal få det.

3. Fellesskap

Alle har ansvar for kvarandre og for å sikre at komande generasjonar har same moglegheiter til fridomsutfolding som oss. Grunnlaget for frie liv skapar vi best ved å respektere og ta vare på naturen.

4. Rettferd

Ei fri verd er kjenneteikna av rettferd, verdigheit og moglegheiter for alle. Frie samfunn byggjar på fellesskap og eit godt sikkerhetsnett for alle. Frie samfunn er rettvis og opne, og kjempar mot fattigdom. Fellesskap sikrar fridom og moglegheiter for alle.

5. Marked

Innovasjon, frihandel og rettvis konkurranse sikrar effektiv utnytting av ressursar og auka velstand. Misbruk av marknadsmakt og monopoldanningar må hindrast. Arbeidstakarar må sikrast eit vern mot utnytting og rett til fri fagorganisering. Innsats skal løne seg og velstand fordelast.

6. Likeverd

Det er ein verdi i seg sjølv at mennesker er ulike og tar ulike valg. Det gode liv er ikkje likt for alle. Vi skal møte annleis med respekt og toleranse.

7. Livskvalitet

Liberal politikk skal ikkje berre sikre materiell tryggleik og velstand, men også fremme livskvalitet og menneskeleg vekst. Gode liv skapast også gjennom kultur, naturopplevingar og åndsliv, frivillig arbeid og læring. Fridom føreset kunnskap. Alle har rett til å lære å lese, skrive og rekne.

Alle har rett til kunnskap og informasjon for å kunne nytte retten til å ytre seg i samfunnet.

8. Demokrati

Den liberale staten er upartisk, sterk og begrenset. Makt skal komme nedanfrå. Røysterett for alle, yringsfridom og organisasjonsfridom er grunnleggande for å sikre eit levande folkestyre. Politisk makt skal forankrast i demokratiske institusjonar. Avgjersle skal fattast nærast mogleg den det gjelder.

9. Maktspreiing

Eit liberalt samfunn har fire berebjelkar: demokratiet, rettsstaten, det sivile samfunn og marknadsøkonomien. Maktkonsentrasjon truar eit ope og demokratisk samfunn.

Maktspreiing, opne prosessar og ein fri og uavhengig presse er nødvendig for å hindre autoritær politikk, maktmisbruk og korrupsjon.

10. Framtidstru

Det liberale samfunnet er alltid undervegs og ope for betre løysningar. Venstre si optimisme grunnar i ein sterk tillit til menneska sin skaparkraft. Vi trur på at det i fellesskap er mogleg å leggje grunnlag for frie liv, overalt – for alle.



VENSTRE

STAD